



DEN NORSKE KYRKJA

Kyrkerådet



Open kyrkje

Rettleiing

Bilde:

Forsidebilde: Hamar domkirke i Hamar bispedømme. Murkyrkje frå 1866.

Arkitekt Herman E. Schirmer. Foto: Lars Erlend Kielland

Bildekollasj side 4:

Bakkehaugen kirke i Oslo bispedømme. Murkyrkje frå 1959.

Arkitekt Erling Viksjø. Foto: kirkesok.no

Sørbø kirke i Stavanger bispedømme. Murkyrkje frå 1130.

Arkitekt ukjend. Foto: Torild Granhaug (kirkesok.no)

Nesseby kirke i Nord-Hålogaland bispedømme. Trekyrkje frå 1858.

Arkitekt: Christian Henrik Grosch. Foto: kirkesok.no

Rennebu kirke i Nidaros bispedømme. Trekyrkje frå 1669.

Arkitekt: Ole Joensen Hindrum og Titus Bülche. Foto: Torild Granhaug (kirkesok.no)

Heddal stavkirke i Agder og Telemark bispedømme. Trekyrkje frå 1200.

Arkitekt ukjend. Foto: Dagfinn Rasmussen (kirkesok.no)

Bilde s. 6: Person i kyrkjebenk. Foto: Hamar bispedømmekontor

Bilde s. 7: Barn ved kyrkjebenk. Foto: Esko Jamsa

Bilde s. 8: Orgelet i Kongsberg kirke – Tunsberg bispedømme. Murkyrkje frå 1761.

Arkitekt overbergmester Joachim Andreas Stuckenbrock. Foto: Vidar Skaaar Borgersen

Bilde s. 9: Døypefont i Son kulturkirke – Borg bispedømme. Murkyrkje frå 2014.

Kvernaas Arkitekter og glassdesigner Cathrine Maske. Foto: Werner Zellien

Bilde s. 10: Lysglobe i Oslo domkirke i Oslo bispedømme. Murkyrkje frå 1697.

Arkitekt Wiggers og Chateauneuf. Foto: Oslo domkirke

Bilde s. 11: Pilegrim. Foto: Shutterstock

Bilde s. 13: Tromsdalen kirke, også kalt Ishavskatedralen i Nord-Hålogaland bispedømme.

Murkyrkje frå 1965. Arkitekt Jan Inge Hovig. Foto: Yngve Olsen

Bilde s. 13: Barn i klokketårn. Foto: Kyrkjerådet

Bilde s. 19: Interiør Røros kirke i Nidaros bispedømme. Murkyrkje frå 1784.

Kyrkja blir også kalla Bergstadens Ziir (betyr pryd) pga. overskrifta ved inngangsdøra: *Til Guds ære og Bergstadens Ziir.*

Arkitekt Peter Leonard Neumann. Foto: Torild Granhaug (kirkesok.no)

Siste side: Nye Våler kirke i Hamar bispedømme. Trekyrkje frå 2015.

Arkitekt Espen Surnevik. Foto: Rasmus Norlander

Innholdsfortegnelse

Føreord	5
Kyrkja – eit levande hus	7
Nokre eksempel på å halde Open kyrkje	10
Framgangsmåte for å etablere tilbod om Open kyrkje	11
Korleis rekruttere og skulere kyrkjevertar	12
Samarbeid rundt bygget	13
Reiseliv	13
Den kulturelle skulesekken	14
Vedlegg	15
1. Retningslinjer for kyrkjevertar i Open kyrkje	15
2. QR-kode	17
3. Forslag til brosjyremal	18
Ressursar	19



Kirkebyggedatabasen Foto: Torild Granhaug



Foto: Dagfinn Rasmussen, Riksantikvaren CC BY

Føreord

Kyrkjelydane får i aukande grad ønske om at kyrkjerommet er ope også utanom gudstenester og kyrkjelege handlingar. Ønska kjem frå menneske i lokalmiljøet, pilegrimar, turistar og andre.

Kyrkjene er levande bygg som representerer trua vår, og er samstundes ein eineståande og tusenårig norsk handverkstradisjon og arkitektur-, kultur- og kunsthistorie. Dette blir i aukande grad verdsett, også langt utanfor Noregs grenser, av ulike fagmiljø og av turistar.

Interessa for å besøke kyrkjerommet fortel noko om det å vere eit søkande menneske i vår tid, og kyrkje kan la seg utfordre av dette - også i eit diakonalt perspektiv. Ei open kyrkje handlar om meir enn å gjere eit rom tilgjengeleg. Det er ein måte å vere kyrkje på. Derfor angår arbeidet med opne kyrkjer alle kyrkjelydar i Den norske kyrkja.

Rettleiaren *Open kyrkje* ønskjer å inspirere, motivere og peike på moglege måtar å leggje til rette for fleire opne kyrkjer. Her finst også tips om korleis frivillige kyrkjevertar kan bli rekrutterte og skulerte, som ein del av det lokale kyrkjelivet og som eit bidrag til utviklinga av lokalsamfunnet.

Open kyrkje er utarbeidd på bakgrunn av Kyrkjemøtet si sak i 2018 *Rapport og veivalg for Den norske kirkes kunst- og kultursatsing KM 11/18, vedtak 13 Åpne kirker og pilegrimsarbeid*:

«Kirkemøtet ser at åpne og tilgjengelige kirkerom er viktige både for lokalsamfunnet og mennesker på reise.

Kirkemøtet oppfordrer menighetene til å samarbeide med hverandre og relevante samarbeidsparter for å sørge for flere åpne kirker.

Særlig er dette viktig langs pilegrimsledene.»

Lengst bak i rettleiaren finst eit forslag til retningslinjer og avtale for kyrkjevertar, QR-kode informasjon, mal til ei lita brosjyre om kyrkjebygget og nyttige lenker for meir informasjon. Vi ønskjer lukke til med arbeidet!

Med vennleg helsing
Kyrkjerådet, mai 2021



«Det er her jeg kan komme når mit rum er for lille. [...] Alt hvad jeg bærer er båret før af andre og legges under sølje af sten.»
Takksigelse nr. 6 av Helle S. Sørup,
fra diktsamlingen *Send flere engle. Andægtigheter* (2012)

Kyrkja – eit levende hus

Kyrkja er eit levande hus. Kyrkjebygget er ei historie om korleis mennesket til kvar tid forstår livet sitt og praktiserer trua si. Synet av og møtet med kyrkjebygget blir for mange inngangen til og kjernen i kontakten med kyrkja. Her møtest religiøsitet og allmennkultur, desse blir vevd saman og stadfester verdiane og historia til kyrkjestaden.

Kyrkja er eit fysisk og mentalt knutepunkt gjennom dei om lag 1600 kyrkjebygga som står i dag. Dei eldste kyrkjene gir menneske nøklar til å tolke og forstå korleis slekt og samfunn har vakse frem. Samtidig blir dei nyare kyrkjebygga sett inn i ein tusenårig norsk tradisjon, og formidlar kunnskap om byggeskikk, handverks-tradisjonar og kunstuttrykk.



Eit grunnleggande trekk ved kyrkja er gjestfridom og diakoni. I eit ope kyrkjerom opplever mange å bli famna i lengten og å få stimulert vitehugen. Møtet med eit ope og stille kyrkjerom kan gi enkeltmenneske moglegheit til å lene seg inn til søyler av tidlegere menneske si tru og erfaringar, og bli del av noko større. Det er fordi kyrkjerommet har ein budskap gjennom utsmykkinga og ei historie som lokal trus- og tradisjonsberar. Kyrkjerommet sluttar aldri å invitere til nye tolkingar.

Når ein går inn i kyrkjebygga møter ein eit rom som er bygd med eit særleg formål: å vere ein møtestad mellom menneske og Gud. Det er eit rom for bøn, takk, klage, stille og fellesskap. Her blir viktige hendingar i livet, frå dei lukkelegaste til de vanskelegaste, lagt fram for Gud. Dette gjer kyrkjerommet til ein heilag stad.



«Orgelet blir kalt *Instrumentenes dronning*.
Hun kan lokke med en fløytetone og bruse som et orkester.
Der ordene tar slutt, fortsetter tonene å klinge.»

Kyrkjerommet er eigd av alle, både av den som ferdast der ofte, den som har ei oppgåve der og den som kjem dit ein sjeldan gong. I dei aller fleste lokalsamfunn var kyrkjebygget den einaste offentlege bygningen gjennom hundrevis av år. Kyrkja bekrefta at ein hørde til ei felles historie.

I dag skjer kontakt med det offentlege for det meste digitalt, også det formelle i kontakten med kyrkja. Ein hører framleis til i eit sokn, men svært sjeldant det same gjennom eit heilt liv og for heile slekta. Dermed festar det seg eit band hos enkeltmennesket til fleire kyrkjebygg. Bandet blir til gjennom overgangsriter og skaper ei ramme rundt menneska sine liv som slekta si historie er skrive inn i.

Norsk kyrkjearkitektur – både gammal og ny – er internasjonalt anerkjend, med fleire nominasjonar og tildelingar av anerkjende prisar. Saman med den kunstnarlege utsmykkinga trekkjer desse bygga til seg menneske frå heile verda. Dei vil inn i bygga og oppleve den særeigne atmosfæren og utforminga.

Den mangfaldige og aukande interessa frå menneske som vil inn i kyrkjene, viser behovet for eit ope rom som kan famne livet, gi rom for undring og tilhøyrslø. Få andre stadar i dagens samfunn har slike rom. Både pilegrimar og andre som tilfeldigvis kjem framom, som bur i nærleiken eller har reist langt, bærer alle med seg dette ønsket: å få komme inn i den lokale kyrkja.



«Her e det et lite barn som kommer, [...] i ei kirke i en hellig dåp.»
NoS 2013, nr. 592 Tekst og melodi: Kari Bremnes

Nokre eksempel på å halde Open kyrkje

Her er skissert eksempel på kyrkjer som held ope utanom arrangement:

Kyrkje utan vertskap, men tilrettelagt av tilsette og frivillige

I sommarhalvåret blir kyrkja opna kl. 8 kvar morgon når tilsette kjem på jobb. Kyrkja blir ikkje stengt når arbeidsdagen er over, men står open til kl. 20 kvar kveld. Då kjem det ein frivillig som sjekkar at alt er i orden, og stengjer kyrkja for dagen.



Kyrkje med vertskap av frivillige

Kyrkja er open dagleg frå 15. juni og ut august frå kl. 11-16. Det skjer ved hjelp av frivillige, som får ei kort opplæring på forsommaren; praktisk med nøklar, reinhald og tryggleikstiltak. I tillegg får dei opplæring i å formidle kyrkja si historie. Lysgloben står framme i kyrkjerommet, og i benkane kan det ligge enkle foldarar med informasjon og bønner på ulike språk, som de besøkande kan bruke for ettertanke og meditasjon.

Kyrkje med vertskap gjennom tilkalling av nøkkelperson

Kyrkja blir opna når nokon ringer og ber om det. Utanfor kyrkja er det ein plakat med telefonnummer til 6 naboar i nærleiken. Desse kan ringast og vil kome i løpet av kort tid, opne opp kyrkja og gi informasjon om kyrkja si historie, gjenstandar og bruk.

Kyrkje med tilsett som vertskap

Kyrkja er open med ein tilsett til stades som møter menneska som kjem. Det blir gitt informasjon, omvising og moglegheit for samtale etter behov.

Fremgangsmåte for å etablere tilbud om Open kyrkje

Sokneråd, fellesråd og tilsette er sentrale i arbeidet med Open kyrkje. Dei må avgjere om og korleis kyrkja skal vere open, men også bruken av frivillige i dette arbeidet.

Følgande prosess er tilrådd:

- Drøft form og omfang av tilbudet som Open kyrkje skal ha
- Gjer ein risiko-analyse for sikring av Open kyrkje¹
- Drøft bruken av QR-kode² som kan gje besøkande informasjon om kyrkjebygget og aktiviteten der
- Informer om Open kyrkje:
 - i kyrkjelydsblad, lokalavis og andre relevante aviser, på kyrkja si nettside, i sosiale medium og hos regionalt pilegrimssenter
 - oppdater informasjon på www.kirkesok.no
 - bruk <http://skjerikyrkja.no/> og www.visitnorway.com
 - bestill plakater, banner, informasjonsbukk o.l.



«For meg er det av stor betydning
å få komme inn i kirkene langs pilegrimsleden.
Jeg er nysgjerrig på hvordan de ser ut inni.
Jeg lurer på hvordan kirken arbeider her i Norge.»
Utenlandsk pilegrim

¹ Sjå KAs [Veiledning om sikring av åpne kirker](#) side 11-14.

² QR-kode (Quick Response Code) er et strekkodesystem. Sjå meir informasjon under vedlegg.

Korleis rekruttere og skulere kyrkjevertar

Å vere kyrkjevert³ for Open kyrkje er ein del av kyrkjelydens fellesskap. Å ha slike vertar kan i seg sjølv medverke til å opne kyrkja for befolkninga. Men korleis rekruttere dei?

Nokre tiltak:

- Informer på kyrkjelydens heimeside om moglegheiter til å vere kyrkjevert. Informer også i lokalavis og andre relevante aviser, på oppslagstavle i kyrkja og i lokalmiljøet, i sosiale medium, gjennom personleg førespurnad, regionalt pilegrimssenter o.l.
- Inviter til kurs om kyrkja sin arkitektur, utsmykking og lokale historie, generell kunst- og arkitekturkunnskap, opplæring i tryggleik som vert og tryggleik for bygget.
- Engasjer ungdom og konfirmantar som kyrkjevertar f.eks. gjennom:
 - eit valfritt opplegg i konfirmantundervisninga om vertskaps- og formidlarrolla i kyrkjelyden sitt arbeid.
 - eit generasjonsprosjekt i kyrkjelyden om å utarbeide informasjonsmateriell og presentasjonsform kor ungdom med IT-kompetanse samarbeider med vaksne personer som har kunnskap om kyrkja, kyrkja sin arkitektur, utsmykking og anna historie.
 - eit samarbeid mellom kyrkjelyden og vidaregåande skule, høgskule og universitet som har reiseliv som fag eller utdanning, om praksisplass.
 - eit samarbeid med kommunen om sommarjobb for ungdom som kyrkjevert eller guide i kyrkja der lønn heilt eller delvis blir finansiert av kommunen.
- Samarbeid gjerne med lokalt historielag, kunst- og handverkslag, lokale kunstnarar om kunnskapsformidlinga.
- Utdann kyrkjeguidar i samarbeid med lokal turistforeining og guidelag, som får eit særskilt ansvar for å ha omvisingar for interesserte, som turistar, skuleklasser og lokalbefolkning.


³ Oppgåver som formidlar av kyrkjerommet, inklusive rommets arkitektur og utsmykking, inngår i denne samanhengen i omgrepet kyrkjevert.

Samarbeid rundt kyrkjebygget

Reiseliv

Kyrkja som besøksmål bør ligge på den lokale nettsida til www.visitnorway.com. Då inngår kyrkja i eit samarbeid med kommunane sine turistkontor overfor opplevings- og kulturturistane, med interesse for arkitektur, kunst og kultur.

Her kan *Open kyrkje* – med og uten guiding – marknadsførast saman med konsertar og andre kulturarrangement i kyrkja, gjerne med lenke til kjøp av billetter. Tidspunkta for *Open kyrkje* og evt. arrangement bør samsvare med f.eks. anløp for hurtigrute og cruiseskip, grupper av gjennomreisande sommarturister og andre interesserte.



Den kulturelle skulesekken

Den kulturelle skulesekken er eit tilbod om kunst- og kulturopplevingar som kvart år blir gitt alle elevar i grunnskulen og vidaregåande skule. Eit slikt samarbeid med skulen utviklar kunnskap om kyrkjebygget og kan opne for nysgjerrigheit kring kyrkja ved eit seinare høve.



Vedlegg

1. Retningslinjer for kyrkjevertar i Open kyrkje

Desse retningslinjene kan tilpassast lokalt og ligg som wordfil i Ressursbanken.no i ressursen Open kyrkje.

Folk har ulike motivasjon og ulike behov for å kome til Open kyrkje. Den fremste oppgåva til kyrkjeverten er å respektere dette gjennom eit diskuré og verdig nærvær, samt å gjere kyrkjerommet tiltalande og tilgjengeleg for alle som søker det.

Godt orientert

Kyrkjeverten er kyrkja sin representant overfor besøkande, som kan vere menneske frå lokalmiljøet, turistar eller pilegrimar. Det kan f.eks. også vere eit organisert klassebesøk frå Den kulturelle skulesekken eller ein fast lunsjkonsert ved organisten.

Kyrkjeverten må vere orientert om dagens program i kyrkja. Programmet må vere lett tilgjengeleg for dei besøkande. Då vil besøket bli opplevd som godt.

Gi kvar enkelt rom for stille og kontemplasjon

El open kyrkje inviterer til stille og kontemplasjon. Nokre besøkande ønskjer å vandre rundt i kyrkja og reflektere over inventar, utsmykking og arkitektur i rommet. Andre ønskjer å sette seg ned i stille og bøn. Dei aller fleste besøkande respekterer dette ved at evt. prat skjer lågmælt mellom dei.

Om nokon ønskjer ein fortruleg samtale er det kyrkjeverten si primære oppgåve å sette vedkomande i kontakt med kyrkjelydens prest eller diakon. Kontaktinformasjon til desse må vere lett tilgjengeleg.

Er samtalen av enklare art, skal kyrkjeverten sitt utgangspunkt vere å lytte, ikkje diskutere. Informasjon av fortruleg art er underlagt teieplikt. Prest og diakon skal alltid vere tilgjengeleg for kyrkjevertar om samtalesituasjonen blir opplevd utfordrande.

Trygg vakt

Det er sjeldan at det skjer uheldige hendingar i samband med Open kyrkje. Skulle dette skje må kyrkjeverten vere roleg og handle adekvat. Kyrkjevertane må derfor, før dei tek til i tenesta, ha fått grunnleggande opplæring.

Brann

Kyrkjevertane skal få tilstrekkeleg opplæring i branntryggleik. Opplæringa kan gjevast av kyrkjeverja, som er tryggleiksansvarleg, eller av brannvernleiar, som ofte er kyrkjetenar eller bygg- og driftsansvarleg.

Behov for legehjelp

Kyrkjevertar må kunne elementær førstehjelp og ha kunnskap om kvar ein finn utstyr til dette. Kontaktinformasjon til lokal legevakt og naudnummer ved akutte hendingar må vere tilgjengeleg.

Uromoment

Kyrkjevertane må få trening i å høfleg og bestemt be sterkt urolege og forstyrrende personar forlate bygget. Er vedkommande trugande skal ein gå ut av kyrkja eller til ein stad der ein kan låse seg inne, og ringe politiet derfrå. Tryggleiken til kyrkjeverten er viktigast.

Kontaktinformasjon

Politi, telefon 112

Lege, akutt telefon 113 og legevakt: telefon

Brann, telefon 110

Kyrkja sin kontaktperson for kyrkjeverten:

Kontaktperson: navn, e-post og telefon

Etter slike hendingar vil kyrkjeverten bli invitert til debrifing-samtale med ansvarleg for kyrkjevertane og anna nødvendig oppfølging.

Avtale

Det bør skrivast ein avtale mellom kyrkjelyden og kyrkjeverten om omfanget og varigheita av oppgåva. Det må også gjevast grunnleggande opplæring i teieplikt for tilsette.

2. QR-kode

QR-kode (Quick Response Code) er eit strekkodesystem som via kamera på smarttelefonen raskt kan kople brukaren opp til ei utvald informasjonskjelde på nett, f.eks. ei nettside med foto, tekst og film. Det er enkelt og heilt gratis å lage sjølve QR-koden, sjå meir informasjon om QR-kode-generatoren på <https://www.qr-kode.no/>.

Ønskjer ein å gjere dette kan ein leggje url-en med det aktuelle oppslaget til i QR-kode-generatoren. Ein visuell QR-kode blir produsert og kan skrivast ut. Koden kan også bli produsert i eit meir haldbart materiale, som f.eks. eit skilt. Dette må bestillast hos ein skilt-leverandør. Skiltet må ein feste på godt synleg stad for besøkande.

3. Forslag til brosjyremal

Tilgjengelig i Ressursbanken.no i ressursen "Åpen kirke" og kan tilpassast i malverktøyet trykksak.kirken.no.





Ressurser

www.skjerikyrkja.no

www.kirkesok.no

www.pilegrimsleden.no

www.kulturtanken.no

www.visitnorway.com

[KAs Veileder for sikring av kirker](#)

Meir himmel på jorda



DEN NORSKE KYRKJA

Kyrkerådet